

# ÅRSMELDING VOSS INTERKOMMUNALE LEGEVAKT 2021

---





## Innhald

.....	6
Innleiing.....	2
Bakgrunn.....	2
Nye Voss IKL .....	2
Brukarperspektiv og driftstal .....	3
Driftstal.....	3
Beredskap for legevaktsentral .....	4
Legevaktbil.....	5
Klager og avvik .....	5
Drift, bemanning og fag.....	5
Drift.....	5
Bemanning .....	5
Legar.....	5
Sjuepleiarar .....	6
Sjuefråvær .....	6
Trening, kurs og kompetanse.....	6
Kvalitetsarbeid .....	7
Prosjekt Legebil .....	7
Video-prosjekt.....	7
Møteaktivitet.....	7
Driftsmøter.....	7
SU-IKL .....	7
UFAB .....	7
Økonomi.....	9
Årsrapport 2021 .....	9
Oversikt hovudpostar .....	9
Utgifter til korona.....	10
Avrekning sjukehuset.....	10
Fordeling på kommunane .....	11



## Innleiing

Jmf. vertskommuneavtalen pkt. 19.3, skal vertskommunen utarbeide årsrapport og årsmelding for interkommunal legevakt. Under følger årsmelding og årsrapport for året 2021.

## Bakgrunn

Viser til Vertskommuneavtale om Voss og omegn interkommunale legevakt: Voss interkommunale legevakt skal dekkja det ansvaret kommunane har etter lov av 24.juni 2011 nr.30 om helse- og omsorgstenester § 3-2 (1) nr.3 bokstav 2, med tilhøyrande føresegner i forskrift av 20.03.2015 nr. 231; Akuttmedisinforskrifta. Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid med heimel i kommunelova § 28-1 a. Samarbeidsavtalen er inngått med heimel i kommunelova § 28-1 b.

Viser også til Forskrift om krav til organisering av kommunal legevaktordning-Akuttmedisinforskrifta § 6

*«Kommunen skal tilby legevaktordning som sikrer befolkningens behov for øyeblikkelig hjelp, og må sørge for at minst en lege er tilgjengelig for legevakt hele døgnet. Legevaktordningen skal blant annet*

- a) vurdere, gi råd og veilede ved henvendelser om øyeblikkelig hjelp
- b) diagnostisere og behandle akutte medisinske tilstander ved legekonsultasjoner og sykebesøk og ved behov henvise til andre tjenester i kommunen, blant annet fastlege, og eventuelt spesialisthelsetjeneste og
- c) yte hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, blant annet rykke ut umiddelbart når det er nødvendig.»

## Nye Voss IKL

I samband med Voss Herad sitt arbeid med økonomiplan for 2019 gjekk heradet gjennom drift og økonomi for avdelingane i Helse og omsorg. Då kom det fram at det var naudsynt å vurdere korleis IKL fungerte med tanke på drift og økonomi. Undervegs i dette arbeidet starta konseptutgreiing av Nye Voss sjukehus og det vart avgjort at sjukehuset og Voss herad skal arbeide saman for å finne den beste løysinga for IKL.

Dagens løysing med to linjeleingar, ein i kommunen og ein i sjukehus, er krevjande, men det tette samarbeidet gjev saumlause pasientløp og sikrar god kompetanse blant hjelpepersonell. Begge partar (sjukehus og kommune) ser positive sider ved samdrifta, men den samla vurderinga er at ein ynskjer ein annan driftsmodell og ein vil ikkje vidareføre samdrifta slik den fungerer i dag.

Arbeidsgruppa som jobbar med utforminga av nye Voss IKL peiker på at akuttmottaket på Voss sjukehus og ambulansetenesta, er blant dei viktigaste samarbeidsaktørane for legevakta. Det er difor viktig at legevakta ligg tett opp til desse etatane, aller helst i forkant av akuttmottaket for å fungera som ein portvoktar til sjukehuset og for å sikre god pasientflyt. Legevakta er ikkje teikna inn i nytt sjukehusbygg ved Voss sjukehus, men vert no liggjande i lokala til Voss sjukeheim. Eit arbeid for å utgreie dette er starta.



## Brukarperspektiv og driftstal

I 2021 vart tiltaka for å ivareta smittevern vidareført. Det vart auka fokus på screening av pasientar før oppmøte og tilrettelegging i lokala for god ivaretaking. Smittesituasjonen har ført til endringar i prosedyrar, tilrettelegging av lokala, anskaffing av nytt utstyr og behov for auka kompetanse innan smittevern.

Til tross for endringar knytt til pandemi har det kome svært få klager frå pasientar og pårørande i 2021. Tvert i mot har me eit inntrykk av at befolkninga har hatt stor forståing for ein krevjande arbeidssituasjon og me har opplevd godt samarbeid med både pasientar, pårørande og anna samarbeidande helsepersonell. Personalet ved legevakta leverer gode og trygge tenester kvar dag, heile døgnet.

### Driftstal

Legevakta dekkjer behovet for akutt helsehjelp for fleire kommunar. Det totale tal hendingar i 2021 har vore betydeleg høgare enn tidlegare år. Auka frå 2020 til 2021 var på heile 20%.


Legevaktsentralen handterte 12 953 hendingar i 2021.



Dette er fordelt slik mellom dei ulike kommunane



Pasientkontaktane fordeler seg mellom tre ulike hastegrader, akutt, haster og vanleg. Dei siste åra har tal akutte hendingar vore nokså jamt, til tross for auke i andre oppdrag. For 2021 ser me likevel ei betydeleg auke i akutte (raude) hendingar på over 19%. Voss interkommunale legevakt har aldri tidlegare handtert så mange akutte hendingar som i 2021.



### Svartid og samtaletid

Nokre viktige kvalitetsindikatorar for drift av legevaktsentral er kor lang tid det tek frå nokon ringer til dei får svar og kor lenge samtalanane varer. Desse data vert samla nasjonalt og visar at Voss legevaktsentral tok i mot 17 807 samtalar i 2021. Av desse vart 96% svart innan 2 minutt. (nasjonalt krav er 80% innan 2 minutt).

Median svartid var på 16 sekund og median samtaletid var på 3,2 minutt. Desse tala plasserer Voss legevaktsentral på 3. plass mellom landets 94 legevaktsentralar.

Me er særst nøgd med tala for 2021 og har klart å ivareta god kvalitet i ei tid med stor pågang og høgare aktivitet enn tidlegare år.

### Beredskap for legevaktsentral

Voss legevaktsentral er også definert som reservesentral for Nordhordaland legevaktsentral, Kvam legevaktsentral og Bjørnafjorden legevaktsentral. I 2021 har Voss legevaktsentral også fungert som reservesentral for Ullensvang legevakt. Det er i tilfelle med bortfall av naudsynt infrastruktur at desse ordningane trer i kraft. Det gjeld mellom anna ved ras og stengte vegar og ved vanskar i telefonnettet.





## Legevaktbil

I løpet av hausten 2021 vart eit felles prosjekt mellom Voss interkommunale legevakt og Helse Bergen HF sett i verk. I samarbeid med akuttmedisinsk avdeling, ambulansetenesta, vart legebilen bemanna med lege og ambulansespersonell. For å sikra gode prehospitale teneste til alle i heile distriktet og avlaste behov for ambulansebil vart prosjektet starta opp. Innan utgangen av 2021 ligg det føre for lite erfaringstal til å presentera i årsmeldinga.

## Klager og avvik

I 2021 har legevakta motteke enkelte klager frå pasientar og pårørande. Alle sakene er svart ut direkte, samt teke opp med involvert personell. Alle saker vert nytta aktivt til å betre tenestene, justere prosedyrar og auka kompetanse. Det er svært få saker motteke i 2021, og det har ikkje vore nokon tilsynssaker. Konklusjon på tilsynssak nevnt i førre årsrapport kom i 2021, den konkluderte med at Voss IKL hadde handtert den aktuelle saka på ein god måte. Det har i 2021 ikkje vore meldt avvik frå tilsette i avvikssystemet Simployer.

## Drift, bemanning og fag

### Drift

2021 har vore eit travelt år for legevakta. Gode rutinar for handtering av smittepasientar var godt innarbeidd frå 2020 og baud i liten grad på utfordringar. Legevaktsentralen har merka stor pågang frå publikum med spørsmål om ulike retningsline og faglege anbefalingar for dei ulike kommunane i samarbeidet. Det har vore utfordrande for personellet å halde oversikt på spekeret av ulike innrettingar for dei ulike kommunane.

Sommaren 2021 bar preg av mykje turisme i området. Med sommarbemanning og samstundes høgare aktivitet enn før, vart det mange slitne tilsette når hausten kom. Mange nordmenn på ferie i eige land som nyttar eit stort spekter av natur og aktivitetar utgjorde størst del av pasientgrunnlaget.

## Bemanning

### Legar

2021

	Voss	Eid.	Ulv.	Vaks	Kvam	Vikarar	Total
Vaktkompetente legar	16	2	1	3	4	2	24
Ikkje-vaktkompetente legar	3					1	4
LIS1	2 (3)	1		1	1		5 (6)




## Sjukepleiarar

Den daglege drifta av legevaktsentralen og Voss legevaktstasjon er lagt til Voss sjukehus. Sjukepleiarane og Avdelingssjukepleiar er formelt tilsett i Helse Bergen HF med samarbeidsavtale om drift av legevakta. Totalt vert avdelinga drifta med 19,4 årsverk fordelt på 23 tilsette, der personalutgiftene vert delt likt mellom legevakt og helseføretak.

## Sjukefråvær

Sjukefråværet mellom sjukepleiarane har vore lågt i 2021. Det har vore nokre langtidssjukemeldte i 2021, men det har ikkje medført ledigheit i turnus.

Ein ser at fråværet blant legane har stege betydeleg frå tidlegare år. Særleg ser me ei auke i langtidsfråvær. Mykje av korttidsfråværet har vore knytt til karantenar og isolasjon i forbindelse med covid-19.



Sjukepleiarar legevakt				
År	2018	2019	2020	2021
Korttidsfråvær	2,2	3,9	4,8	1,9
Langtidsfråvær	1,4	2,8	3,6	3,75
Totalsum %	3,6	6,7	8,4	5,65
Legevakt kveld og helg				
Korttidsfråvær	1,3	0,7	3,2	3,2
Langtidsfråvær	2,9	1,6	0,6	3
Totalsum %	4,19	2,4	3,8	6,2
Legevakt Natt				
Korttidsfråvær	0,5	0,5	2,9	4,1
Langtidsfråvær	2	4,4	1	3,2
Totalsum %	2,6	4,9	3,9	7,3

## Trening, kurs og kompetanse

- Det vart gjennomført samtrenting mellom ambulans, lege og legevaktsjukepleiar 4 gonger i 2021, dei resterande planlagde øvingane gjekk ut på grunn av smittevernomsyn. Samtrentinga fortset ein gong kvar månad i 2022
- Det årlege lokale legevaktseminaret vart arrangert i Øystese med 45 deltakarar. Tema for samlinga var beredskap og praktiske råd om nytt utstyr, legemiddel og behandling.



## Voss herad

- Hardanger- og Voss legevaktdistrikt arrangerte eit kurs i akuttmedisin på Voss i oktober med 27 deltakarar. Kurset vart gjennomført med tilrettelegging for smitteverntiltak. Erfaringane med kurset var gode og det vert planlagt liknande gjennomføring av kurs våren 2022.
- Det vart gjennomført fagdagar for sjukepleiarane 3 gonger i 2021. Tema for fagdaganane var AHLR, prosedyregjennomgang, blodtransfusjonar, bi-pap og intubasjonsutstyr, kommunikasjon, prosedyreverktøyet Bliksund, sepsis og smittevern.

Legevakta har tilsett sjukepleiarar med spesialutdanning eller supplerande kompetanse innan fylgjande fagområde; legevaktsjukepleie, akuttjukepleie, nødnett, hjerneslag, anesthesiologi, avansert hjarte- og lungeredning, traume, arbeid på skadestad, triage, snøskred, forflytting, legemiddel, smertebehandling og omsorg for born.

## Kvalitetsarbeid

### Prosjekt Legebil

Prosjekt Legebil starta opp 18. oktober. Legebilen er bemanna med personale frå akuttmedisinsk avdeling i Helse Bergen. Fram til starten av desember hadde bilen hatt 41 oppdrag, 16 raude, 20 gule og 4 grøne. Det er gode tilbakemeldingar frå ambulanspersonell og legar.

### Video-prosjekt

Voss IKL sin legevaktsentral har halde farm med å nytta løysinga med video i legevaktsentralen. Eit arbeid er no i gang for å innføre *Medtitt*, noko som inneber at vakthavande lege kan kobla seg opp og sjå videobilete av pasient på vaktmobil.

## Møteaktivitet

Til tross for smittevernrelaterte avgrensingar i 2021, har det likevel vore mogleg å gjennomføra ein del møteaktivitet.

### Driftsmøte

Dette er møter der avdelingssjukepleiar, *legevaktsjef*, *medisinskfagleg ansvarleg* og *einingsleiar* frå Voss herad er deltakarar. I løpet av 2021 har det vore halde 4 slike møter.

## SU-IKL

Samarbeidsutvalet for den interkommunale legevakta har avtalefesta 4 årlege møte. Møta har fast agenda der drift og samarbeid mellom Voss Herad og Voss Sjukehus har fokus. I 2021 har det ikkje vore gjennomført nokre tradisjonelle SU-IKL, men det har vore ei rekke andre møter mellom Helse Bergen og Voss Herad, spesielt med fokus på nytt sjukehus bygg og ny Voss IKL.

## UFAB

Underutval for akuttmedisinsk beredskap er eit møteforum med lang historie. Kommuneoverlækjarar frå alle kommunane i sjukehusområde, ambulansetenesta, legevakt og sjukehuset er alle representert. UFAB rapporterar til samarbeidsrådet og kjem med uttaler i saker knytt til den





## Voss herad

akuttmedisinske beredskap. UFAB kan også sjølv løfta saker inn i samarbeidsrådet. UFAB er eit godt forum for å ivareta samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og tenesteområde. I 2021 har UFAB hatt 4 digitale møter.



## Økonomi

### Årsrapport 2021

Årsrapporten skal innehalde relevant statistikk for tenesta, og økonomi pr. 31. desember 2021. Økonomien skal setjast opp med hovudtal, rekneskap mot budsjett og fordeling på kommunane.

#### Oversikt hovudpostar

Den økonomiske framstillinga av legevakta er delt opp i tre. Administrasjon, legevakt natt og legevakt kveld og helg. I tabellane nedanfor er desse tre områda framstilt med budsjett, rekneskap og avvik mellom desse for 2021 totalt. Tala gjeld for legevakta totalt, inkludert meirutgifter relatert til koronapandemien som legevakta vart fakturert for. Kostnader knytt til prosjektkode 3204-Kursarrangør akuttmedisin er ikkje tatt med i rekneskapen. Refusjon frå kommunane har vore mindre enn budsjett, dette forklarast av eit mindreforbruk i alle områda.

Administrasjon Legevakt	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik
Fast løn	897 139	794 713	102 426
Øvrige lønskostnader (pensjon, arbeidsgevaravgift, refusjon sjukeløn etc.)	309 895	190 977	118 918
Utgifter til drift (kurs, konsulent teneste etc.)	177 000	288 093	-111 093
<b>Sum</b>	<b>1 384 034</b>	<b>1 273 783</b>	<b>110 251</b>
Refusjon frå kommunane	-834 171	-1 098 474	264 303

Legevakt Natt	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik
Legevakt godtgjersle	3 647 633	3 565 934	81 699
Øvrige lønskostnader (pensjon, arbeidsgevaravgift, refusjon sjukeløn etc.)	973 000	619 448	353 552
Driftsutgifter (medikament, arbeidskle, lisensar etc.)	233 500	315 253	-81 753
Kjøp frå sjukehuset	2 866 200	2 921 584	-55 384
Eigenbetaling og refusjon Helfo	-900 000	-962 390	62 390
<b>Sum</b>	<b>6 820 333</b>	<b>6 459 829</b>	<b>360 504</b>
Refusjon frå kommunane	-3 509 380	-2 957 747	-551 633

Legevakt Kveld & helg	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik
Legevakt godtgjersle	7 413 875	7 291 490	122 385
Øvrige lønskostnader (pensjon, arbeidsgevaravgift, refusjon sjukeløn etc.)	2 787 430	1 566 691	1 220 739
Driftsutgifter (medikament, arbeidskle, lisensar etc.)	1 280 000	1 610 209	-330 209
Kjøp frå sjukehuset	6 701 400	6 817 029	-115 629
Eigenbetaling og refusjon Helfo	-2 500 000	-3 376 674	876 674
<b>Sum</b>	<b>15 682 705</b>	<b>13 908 745</b>	<b>1 773 960</b>
Refusjon frå kommunane	-5 753 699	-4 695 991	-1 057 708



Totalt for interkommunal legevakt, vert rekneskapen slik:

Totalt for IKL	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Avvik
Totale utgifter	23 887 072	21 642 357	2 244 715
Total refusjon frå kommunane	-10 097 250	-8 752 212	-1 345 038

Totalt blei det brukt 2 244 715 kr mindre enn budsjettet på legevakta i 2021. Dette hadde fleire årsaker, mellom anna at refusjon frå sjukeløn og HELFO vart høgare enn forventa. Dessutan var det satt av meir i budsjett til pensjon enn kva som blei brukt. Rekneskapsførte kostnader til fastløn og legevaktgodtgjersle hadde eit avvik på 3% frå budsjettet beløp.

Samarbeidskommunane vart fakturert 1 345 038 mindre enn budsjettet, som eit resultat av mindreforbruket og at meirkostnader til sjukehuset vart fakturert på fyrste faktura for 2022.

### Utgifter til korona

Lekvebakken & Korona - meirutgifter	Rekneskap 2021
Lønnskostnader (Legevakt godtgjersle og sosiale utgifter)	72 357
Driftskostnader	5 246

I 2021 vart meirutgifter relatert til koronapandemien og utgifter til legevakt på Lekvebakken skilt ut på eiga prosjektnummer. Meirutgiftene som er ført på legevakta, og som samarbeidskommunane vert fakturert for er inkludert i oversikta ovanfor.

### Avrekning sjukehuset

Den interkommunale legevakta betalar eit fast beløp i månaden til sjukehuset. Dette beløpet er basert på budsjett, og etter årets slutt gjer sjukehuset ein avrekning mot rekneskap. I 2021 var rekneskapen for løn- og personalkostnader noko høgare enn forventa. Avrekninga er framstilt nedanfor og denne er fordelt mellom kommunane på same måte som andre utgifter.

Nivå / Konto	Legevakten Budsjett 2021	LV Regnskap 2021	Avvik
(1) Sum Driftsinntekter		-9 353	
(350000) Utleie av personell, utenfor avgiftsområdet	9 353	-9 353	
(2) Sum Driftskostnad	9 353	9 610	257
(2.1) Varekostnader og Helsetjenester	70	80	10
(2.2) Lønn- og personalkostnader	8 702	8 894	192
(2.3) Øvrige kostnader	581	636	55
(3) Driftsresultat		257	257



Driftskostander 2021 Andel Voss Herad

<b>Voss herad andel driftskostnader 2021</b>		<b>9 610 007</b>
Voss Herad innbetalt A-konto 2021	-	<b>9 353 124</b>
<b>Restandel av samdrift 2021</b>		<b>256 883</b>

## Fordeling på kommunane

Utgifter til legevaktsjef vert fordelt med utgangspunkt i folketal. Denne summen inngår i lønsutgifter i «Administrasjon legevakt», og fordelast også på Ullensvang. Resterande utgifter til legevakt (både på administrasjon, natt, og kveld og helg) vert fordelt mellom deltakarkommunane slik: 19% likt, og 81% basert på befolkning.

<b>Befolkning 18.11.2021</b>				
<b>Kommune</b>	<b>Innbyggjarar 18.11.2021</b>	<b>Andel kveld og helg</b>	<b>Andel natt</b>	<b>Andel legevaktsjef</b>
Voss	15 861	72,9 %	52,5 %	38,5 %
Eidfjord	911	4,2 %	3,0 %	2,2 %
Ulvik	1 062	4,9 %	3,5 %	2,6 %
Vaksdal	3 912	18,0 %	12,9 %	9,5 %
<b>Sum</b>	<b>21 746</b>			
Kvam	8 477		28,0 %	20,6 %
<b>Sum</b>	<b>30 223</b>			
Ullensvang	10 995			26,7 %
<b>Sum alle</b>	<b>41 218</b>			

Deltakarkommunane betalte i 2021 faktura A-konto, per halvår. Det kan difor oppstå differansar mellom kva kommunane har betalt gjennom året, og den faktiske rekneskapen. Differansar mellom betalt og rekneskapsført vert teken omsyn til i fyrste faktura for 2022.

	<b>Voss</b>	<b>Kvam</b>	<b>Eidfjord</b>	<b>Ulvik</b>	<b>Vaksdal</b>	<b>Ullensvang</b>	<b>SUM</b>
Adm.	356 563	425 240	97 629	104 168	227 574	213 734	1 424 908
Natt	3 584 580	1 506 526	481 296	512 640	1 104 236	-	7 189 277
Kveld og helg	9 530 144	-	1 215 849	1 299 827	2 884 826	-	14 930 646
<b>SUM</b>	<b>13 471 287</b>	<b>1 931 766</b>	<b>1 794 774</b>	<b>1 916 634</b>	<b>4 216 636</b>	<b>213 734</b>	<b>23 544 831</b>





Voss herad

Me takkar samarbeidskommunane for godt samarbeid gjennom 2021.

Årsmeldinga er utarbeidd i samarbeid mellom Legevaktssjef, medisinskfagleg ansvarleg, økonomirådgjevar i Voss herad, administrativ leiar i Voss IKL og avdelingsleiar i Voss IKL/akuttmottak Voss sjukehus.

Voss

4. mars 2022



1Illustrasjon: Sylvia Stølan